

Kultur- og bygdehistorie for Skodje - notat

Skodje sogelag tok i møte 01.12.14 opp å arbeide for å skrive ei kultur- og bygdehistorie for Skodje (allmennsoge). Grunnlaget er m.a. det som står i føreordet til Bygdebok for Skodje (Louis Giske, 1986), der boknemnda vonar at det kan finnast ressursar til dette.

Forslaget vart først drøfta med Skodje kommune (ordførar, varaordførar og kultursjef), der det vart semje om å utarbeide ei klarare prosjektskisse før kommunen kunne ta stilling til evt vidare medverknad. Det har vore drøfta på sogelaget sitt årsmøte og tatt inn i årsplanen, og det har vore drøfta med historikarar ved Ålesund museum og Sunnmøre museum. Ut frå dette vart det utarbeidd ei foreløpig prosjektskisse datert 22.04.15 med forslag til innhald, organisering, finansiering, forfattar og tidsplan.

Den foreløpige skissa vart drøfta med Norsk Lokalhistorisk Institutt (NLI), som i notat 26.06.15 kom med sitt innspel, saman med kontraktutkast for å engasjere forfattar. Etter dette gjekk sogelaget i dialog med historikar/professor Atle Døssland ved Høgskulen i Volda (HiV), som saman med historikarane Jarle Sulebust og Eldar Høiland, har utarbeidd forslag til innhaldsskisse, datert 15.01.16. Innspela frå NLI og Døssland ligg ved.

For å førebu vidare samtale med kommunen, hadde representantar frå sogelaget saman med kultursjefen i kommunen møte med Atle Døssland den 2. mars. Her vart det drøfta kva forventingar ein kan ha til prosjektet, og argument som bør avklarast for å kunne realisere prosjektet.

Foreløpig prosjektskisse (22.04.15)

Etter samråd med historikarane Ole M Ellefsen ved Ålesund museum og Jarle Sulebust ved Sunnmøre museum, vart det skissert ei allmennsoge med 300-500 sider, evt fordelt på to band, og som spenner frå førhistorisk tid til vår tid, med hovudvekt / 50% på 1900-talet, 35% på perioden 1750-1900 og resten på tidlegare tider.

For organisering, finansiering og gjennomføring vart det skissert eit samarbeid mellom kommunen og sogelaget, med oppretting av ei bygdeboknemnd som engasjerer forfattar og følgjer opp prosjektet. Det er antyda ca 2 årsverk forfattararbeid Gjennomføringsperiode vart antyda til om lag 4 år.

Innspel frå Norsk Lokalhistorisk Institutt NLI (26.06.15)

NLI er ein institusjon under kulturdepartementet med oppgåve å fremme lokal- og regionalhistorisk verksemd, m.a. med råd og rettleiing av arbeid med bygdebøker og lokalhistorie.

NLI kommenterer forslaget til periodisering, og seier at dette bør vurderast nærare og grunnjevast med lokal utvikling. Når det gjeld temainnhald bør det utdjupast i det vidare førebuingsarbeidet, gjerne i samråd med forfattar/forfattarar som blir tilsett.

Organisering av arbeidet gjennom samarbeid mellom kommune og sogelag vert vurdert å vere gunstig, og det er nødvendig at kvalifiserte folk med rimeleg tid og trygge vilkår får utføre oppdraget. For finansiering er det mest vanleg at kommunen er hovudkjelde. Når det gjeld forfattar, vil det med tanke på heilspennet frå istid til nåtid vere naturleg å vurdere å engasjere fleire forfattarar med spesialkompetanse på kvar sine historiske epokar. Behovet for forfattararbeid kan då bli meir enn dei to årsverka som er skissert.

NLI peikar også at ein digital publiseringskanal kan vere nyttig, både som supplement og til dels alternativ til bygdebok. I tillegg til faktainnsamling og lyskasting på enkeltfenomen til nytte for bygdebokarbeidet, kan her produserast artiklar om Skodje og utviklast eit «Historisk Skodje-leksikon». NLI kan både kvalitetssikre det som blir publisert, og tilby grundigare fagleg oppfølging av prosjektet på nærare avtalte vilkår.

Innhaldsskisse v/Atle Døssland (15.01.16):

Atle Døssland er professor ved Høgskulen i Volda (HiV) med fagområde innan lokalhistorie og nyare tids historie; region- og kysthistorie, økonomisk og sosial historie. Med bakgrunn i sogelagets notat og innspel frå NLI, vart Døssland engasjert til å komme med vurderingar og skisse til innhald og disposisjon for kultur- og bygdehistorie prosjektet. Til å utarbeide skissa har han hatt samarbeid med historikarane Jarle Sulebust og Eldar Høidal.

Innleiingsvis vert det peika på at Skodje på mange måtar kom i skuggen av dei næraste granneområda Borgund og Haram når det gjeld historiske framstillingar om Sunnmøre. Det spelar også ei rolle at her ikkje var eige prestegjeld, men berre annekssockn under Borgund. I verdsleg inndeling i eldre tid overlappa Skodje to skipsreider; indre delen tilhørde Valle skipsreide, medan resten hørte til Gryta skipsreide. Først i 1902 vart Skodje ei sjølvstendig administrativ eining.

Periodisering av saga bør ta utgangspunkt i det som er særmerkt for Skodje, og skissa peikar på tema og problemstillingar som bør trekkast inn:

Frå eldste tider til 1650:

- Kjeldene, eller mangel på kjelder, legg føringar på kva emne som kan takast opp. Det vil vere naturleg å sjå på tilhøvet til nabobygdene, særleg Borgund, og om Skodje skil seg frå andre delar av Sunnmøre.
- Gjennom studie av gardsnamn kan ein kanskje sjå korleis busettinga utvikla seg, og arkeologisk materiale kan seie noko om samfunnsstruktur og levevis.
- Frå mellomgalderen kan ein seie noko om svingingane i folketalet, om svartedauden og nedgangen etter 1350, og sjå om Skodje skilde seg ut på nokon måte. Bygdene vart kristna, korleis gjekk denne prosessen føre seg, og kvar kom den først kyrkja?
- Ein analyse av eigeomsforholda; kyrkja og Giskegodset si rolle. Kva levde folk av og kan ein spore sosiale skilnader - storgardar, smågardar, småårsfolk?
- Reformasjonen - Luther si lære, vekst i busetting, kyrkja etter reformasjonen.
- Trelasthandel, avskoging, dagleglivet, skattetrykk, militærtjeneste, familie, kunnskap.

Perioden 1650 til 1865:

- Manntala frå 1665 og 1730 gjev grunnlag berekning av endringar i folketal. Fram til 1730 var det vanskelege tider med nedgang i folketallet i store delar av Kystnorge, m.a. med dødelege epidemiar og fleire krigar med utskrivning til hær og flåte. Kanskje kan nedgangen også ha samanheng med problem i attåttnæringar som fiske og trelast; mykje av skogen var uthoggen og jordbruksproduksjonen minka med gjennomsnittleg låg årstemperatur («den vesle istida»).
- Tida 1730-70 var ei framgangstid med glitrande kystnært fiske. Kanskje var dette grunnlag for deltaking i fiske også frå Skodje, for tønneproduksjon og tjørebrenning.
- Fram til 1815 kom det ein ny nedgangsperiode for Sunnmøre, m.a. fordi det var ramma av Napoleonskrigane, utflytting, m.m. Kyrkjebøkene er no ei viktig kjelde.
- Skodje var perifert når det gjaldt maktutøving frå styresmaktene; så kva rolle hadde det for nye tiltak som konfirmasjon, skule og fattigvesen på 1700-talet er interessant.
- I tida 1815-65 var det på landsplan folketalsvekst. Fiskeria vart betydelege med Ålesund i sentrum for «spansketida», og kanskje kan marknadsretta produksjon frå jordbruk og handverk for å forsyne ei veksende bybefolkning ha betydning for Skodje.
- Ut etter 1800-talet får ein på Sunnmøre også sterkare sosial lagdeling, m.a. med husmannsvesenet. Politisk verksemd vart også meir synleg, med stortingsval, formannskapslover, kommuneval og fastskule, der Skodje var underlagt Borgund.

Perioden 1865 til d.d.:

- Frå midten av 1800-talet endra samfunnet seg raskare enn tidlegar. Teknologisk utvikling innan kommunikasjonar og fiskeri, framvekst av bankar og vareproduksjon/industrialisering, betre hygiene og kosthald bidrog til folkevekst, fødselsoverskot i byane, utvandring, m.m. Med dette som bakteppe er det interessant å finne ut av samfunnsutviklinga i Skodje, og om den skil seg frå andre kringliggande kommunar.

- Frå 1902 vart Skodje eigen kommune, noko som kan vere ein ny periodestart for saga. Her er det naturleg med kronologiske bolkar som omhandlar:
 - o Femårsperioden under okkupasjonen - korleis greidde bygda seg under krigen
 - o Demografi - folketalsutvikling, flyttemønster, arbeid/yrke, m.m.
 - o Næringsliv - skogressursane, industrimiljø, individuelle interesser, primærnæringane, byen som marknad, m.m.
 - o Infrastruktur - Storfjorden var viktigast transportåra på Sunnmøre, og også etter overgang til landverts trafikk låg Skodje sentralt. I kva grad har dette påverka samfunnsutviklinga; og kva med Digerneset som kommunikasjonsmessig knutepunkt?
 - o Offentlege institusjonar / skular - utvikling av skulekrinsar og kva det seier om grendebygging og samhandlingsmønster. Perioden som ein del av storkommunen Stordal, Ørskog og Skodje, og kommunereformprosessen i 2016.
 - o Kultur- og organisasjonsliv - finns her særdrag innanfor kulturlivet, og kva for miljø gjekk det utifrå, kva med kyrkja og dei frie åndssamfunna - samhandling eller strid? Den frilynde ungdomsrørsla, målrørsla, nær tilknytning til byen, kulturlivet i nyare tid, m.m.

Oppsummerande del:

- Allmensoga for Skodje bør ha ein oppsummerande del, der ein dreg opp dei lange linjene, og får fram samanhengar og brot som har vore i perioden som er behandla. Igjen må ein søkje etter det som er særmerkt for Skodje, særdrag i demografi, næringsutvikling, samfunnsorganisering og kulturelle uttrykk. Ei hovudutfordring vert å sjå på korleis teknologiske og samfunnsmessige endringar har påverka det handlingsrommet folk i Skodje har hatt når det gjeld å skaffe seg utkome, og å bu og verke i kommunen.

Notat etter møte med historikar Atle Døssland (04.03.16):

På dette møtet deltok kultursjef Magne Fylling frå Skodje kommune saman med Kjell Sindre Tysse og Kåre Beite frå styret i Skodje sogelag. Formålet med møtet var å drøfte kva forventingar ein kan ha til prosjektet, og kva nytte og interesse som kan leggast til grunn for å argumentere for at kommunen og sogelaget bør engasjere seg og prioritere kostnader dette fører med seg.

Kultur- og bygdehistorieprosjektet er ei søge om Skodje-samfunnet frå istid til nåtid. I tillegg til å skrive om kva som har skjedd; vert det drøfta kvi for, korleis og kva tid utviklinga har vore. Til dels manglar her i dag oversikt over kjelder og innsyn i arkivdokument frå tidlegare tider som prosjektet vil gå i djupna på. Verket skal reflektere over årsakene til endringar og utvikling, slik at lesarane betre skal forstå samanhengen mellom eldre og nyare tid.

For Sunnmøre var her eit skilje i utviklinga kring 1850/60-talet. Frå den tid vart her eit løft også i Skodje-området, med folkeopplysning, skule, lags-/organisasjonsarbeid, betre levevilkår, vegbygging, kommunikasjonar, handel, m.m. Også i nyare tid har Skodje utvikla seg vidare som eit godt lokalsamfunn, og med dette som bakgrunn bør det bli invitert til å reflektere kring vidare utvikling i framtida.

Det vert også vurdert eit kapittel om grendene i kommunen; med historie og utvikling som er særskilt for kvar byggd, og som følgjer opp gards- og ættesoga frå 1986.

Utviklinga i Skodje er ikkje tufta gamal stordom, men heller på hardt arbeid, medverknad og samhandling. Målet med søgeverket bør vere å styrke tilhøyrighet og lokal identitet for dei som bur i kommunen / området, både i notid og for framtidige generasjonar. Ein har tru på at dette vil vere av interesse både for unge i skule og utdanning, for dei som bur her og vil vite meir om bakgrunnen for lokalsamfunnet, for tilflyttarar og nærliggande lokalmiljø, og ikkje minst for alle som har flytta ut har interesse for sine røter og bakgrunn.

Prosjektet er primært eit bokverk, men i tråd med vår tid bør her også vere digital publisering. Dette må avklarast nærare, særleg i kombinasjon med bilete, mulegheit for oppdatering, kommentarar og refleksjon, slik at historieverket får ei «moderne» form og kan vere aktuelt i lang tid framover.

Sogeprosjektet:

I første omgang ønskjer sogelaget dialog med Skodje kommune for å drøfte vidare arbeid med bygdebokprosjektet, og om her er nok interesse og grunnlag for å kunne realisere det.

Følgjande tema vil vere aktuelle:

- Avklaring av interesse:
 - o Sogelaget si interesse for prosjektet kjem klart fram i dette notatet, og det er signalisert vilje til å delta aktivt i alle delar av prosjektet.
 - o Når det gjeld økonomi har sogelaget ressursar til å medverke i eit spleiselag, der ein ser for seg ei fordeling mellom kommunen, sogelaget og private/offentlege sponsorar.
- Bygdeboknemnd:
 - o Sogelaget ønskjer samarbeid med kommunen om prosjektet. Det vert foreslått å oppnemne ei felles bygdeboknemnd, med oppgåve i første omgang å definere prosjektet nærare, jf punkta nedanfor. Før prosjektet vert sett i gang vert utgreiinga frå nemnda lagt fram til behandling.
- Innholdsskisse
 - o Skissa frå Atle Døssland må drøftast nærare og vere rettleiande for prosjektet.
- Organisering:
 - o Modell for gjennomføring av prosjektet må avklarast.
- Finansiering:
 - o Avklare kostnadar. Desse er hovudsakleg knyta til forfattararbeid, der spørsmål om eitt eller to bind, evt fleire forfattarar, vil ha innverknad.
- Forfattar:
 - o Utlysing, kriterier, vilkår, avtaleform, m.m.
- Tidsplan:
 - o I utgangspunktet er ei tidsramme med ferdigstilling i 2019 skissert, men dette må vurderast nærare.

Dato: 09.05.16

Kåre Beite

Vedlegg:

- Foreløpig projektskisse, 22.05.15
- Innspel frå Norsk lokalhistorisk institutt (NLI), 26.06.15
- Innholdsskisse v/Atle Døssland, 15.01.16